



ALEKSANDER HJELMTVEIT
Seimsleitet 39A
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i mars i produksjonstilskot 2018 - Aleksander Hjelmtveit

Vi viser til søknaden din om dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2018, dagsett 26. februar 2019, samt Lindås kommune sitt oversendingsbrev, dagsett 11. mars 2019.

Bakgrunn

Du driv med hald av sau på gbnr 171/5 i Lindås kommune. Du søkte ikkje om produksjonstilskot ved registrering i del 1 i mars 2018. Ved søknad del 2 i oktober 2018 søkte du om tilskot til 12 dekar fulldyrka areal, 4 dekar overflatedyrka areal og 36 dekar innmarksbeite. Du søkte òg tilskot til 1 ammeku, samt 10 sauer og 17 lam på beite i minst 12 veker.

Du har hatt sauer på garden frå du overtok i 2016, men ikkje vore klar over at du kunne søkja om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket før sommaren 2018. Du para ikkje sauene som åringar og dei hadde difor ikkje lam i 2017. Ved søknad om produksjonstilskot i oktober 2018 hadde du ei ammeku som gav rett til areal- og kulturlandskapstilskot og du vil gjerne ha tilskot for sauene òg.

Ved utbetaling av tilskot i februar 2019 oppdaga du at det ikkje var gjeve areal- og kulturlandskapstilskot for sauene. På bakgrunn av at du ikkje visste at du kunne søkja i mars 2018 søkjer du om dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2018.

Vurdering

Jamfør § 9 i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket av 19. desember 2014 kan Fylkesmannen i særlege tilfelle dispensera frå reglane i § 2, § 3 første ledd, andre ledd, tredje ledd bokstav a, b samt fjerde ledd, § 4 første andre og fjerde ledd, § 5, § 6 og § 8 andre og tredje ledd. Det er ikkje høve til å dispensera frå andre reglar enn dei som er lista opp over.

Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfelle». Det tyder at det kun skal innvilgast når det føreligg ein spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta.



Føretaket Aleksander Hjelmtveit, org.nr 917 700 575, søker om dispensasjon frå § 8 andre ledd i forskrifta. Det er kun i tilfelle der søker har fått dispensasjon frå søknadsfristen at det vil vera mogleg for søker å levera søknaden etter fristen.

Det er søker sitt eige ansvar å sørja for at søknaden vert levert i rett tid. Dette gjeld òg nye søkjarar. Søknadsfristen går fram av både av forskrift og jordbruksavtalen, og blir kunngjort kvart år i god tid før søknadsfristen går ut.

Du søkte ikkje om produksjonstilskot ved del 1 i mars 2018 då du ikkje var klar over at du kunne søkja. Som det går fram av avsnittet over, er det søker sitt eige ansvar å sørja for at søknaden vert levert i rett tid og søker pliktar å setja seg inn i kortid fristen er.

Fylkesmannen gjev difor ikkje føretaket Aleksander Hjelmtveit, org.nr 917 700 575, dispensasjon frå søknadsfristen i mars 2018.

Kommunen har høve til å registrera tilskotsberettiga grovfôrareal i tilfelle som ikkje er dekkja av den ordinære utrekninga. Det vil seia at der føretak ikkje leverte del 1 av søknad om produksjonstilskot og difor får avgrensa tilskotsgrunnlaget for grovfôrareal som følgje av at det ikkje er registrert husdyr per 1. mars, kan kommunen nytta kodane 540 og 541 i søknadsskjema for utmåling av areal- og kulturlandskapstilskot. Du har dermed rett til å få utrekna areal- og kulturlandskapstilskot, men du vil ikkje ha rett til å få utbetalt husdyrtilskot for sau for 2018 og heller ikkje avløysartilskotsgrunnlag. Dette vil du få for året 2019 når du søker om tilskot i mars 2019.

Klagerett

Du har klagerett på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf. § 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær (e.f)
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ